



VAS.Føring av fråvære på elevar og sende meldingar til skulen i VFS - informasjon til føresette

1. Sende melding når elevar er sjuke og har korttidsfråvære

- Meld inn fråvær så tidleg som råd, seinast same morgon kl. 08.30.
- Klikk på «Meld fråvær» i appen til Visma Flyt Skule
 - Vel dato og ev. tider eleven skal vere vekke
 - Vel type fråvær mellom: *sjuk, lege, tannlege, gravferd, sjukehus/spesialist, anna fråvær (timar)*

2. Sende melding og gi informasjon til skulen via appen

- Pga. personvern ønsker skulen at de nyttar meldingsfunksjonen i appen og ikkje brukar SMS til lærarane sine private mobiltelefonar
- Vel meldingsfunksjon i appen – skriv inn meldinga di
- Vel kven som skal kunne motta meldinga di (kontaktlærar, og ev. administrasjon/leiing)

3. Søke permisjon

- Det er ikkje mogeleg å søke permisjon via appen
- For å søke permisjon må de logge dykk på internettløysinga
- Det skal søkast permisjon på tidlegast mogelege tidspunkt. Sjå permisjonsrutinar på [nettsida til skulen](#).

A. Kva skjer med innmeldt fråvær?

Klasseteamet skal sjekke fråværet for klassa kvar dag før kl. 09.00.

B. Kva skjer dersom eleven ikkje møter på skulen, og føresette ikkje har meldt inn fråvær eller søkt permisjon?

a) Elevane vil bli etterlyst

- **1.-7. klasse:** elevane blir etterlyst i løpet av 1. skuletime
- **8.-10. klasse:** elevane blir etterlyst rundt 1.friminutt

b) Foreldre må ta kontakt med eleven for å finne ut kva som har skjedd. Når foreldre finn ut kvar eleven er, informerer dei skulen straks.

c) Dersom ikkje foreldre får kontakt med eleven innan 30-45 minutt, må føresette vurdere om politiet skal bli kontakta.